



Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.
23/902

Vår ref.
23/3842 - 2

Dato
03.11.2023

Invitasjon til innspelsmøte - stortingsmelding om flom og skred

Luster kommune har ein topologi som gjer at kommunen har flaum- og/ eller skredproblematikk knytt til dei fleste områda i kommunen der folk har sin bustad og virke. Kommunen har difor ein del erfaringar knytt til både konkrete skredhendingar og som forvaltningsorgan knytt til søknadar/ generell utvikling i område med flaum og skredproblematikk. Luster kommune vil i difor fokusere tilbakemelding inn mot 3 forhold, der alle i praksis krev tilgang på ressursar.

- Kvalitet på kartgrunnlag knytt til naturfare
- Fagleg og finansiell medverknad til sikring av hus og kritisk infrastruktur
- Forholdet mellom skadelidande grunneigar og naturskadefondet

Dette er alle forholda me legg til grunn at fleire kommunar peikar på og uttrykker frustrasjon for, men det er heva over ein kvar tvil at skal kommunane drive forsvarleg tilrettelegging gjennom planverket, så vil utarbeiding av meir og betre kart gjere arbeidet raskare og meir effektivt. Dette vert i dag løyst gjennom kjøp av konsulenttenester, då dei aller fleste kommunane i landet i dag ikkje kan prioritere å sitja med eigen geologkompetanse til gjennomføring av kartlegging. Luster kommune meiner arbeidet med betre kartgrunnlag er så viktig at ei stortingsmelding må fokusere på betra kvalitet på offentlege karttenester.

Luster og Noreg har ein topologi som gjer at mange bygder og lokalsamfunn ligg slik til at sikring er utfordrande både i forhold til det å gjere sikringa «rett» og det finansielle knytt til sikring. Det som ofte er vanskeleg er dette med følgjeskader i vassdrag. Gjere ein sikringstiltak ein plass i ei elv, kan dette få konsekvensar vidare nedover og så vidare. Auka tilgang til rådgjeving og prosjekteringskompetanse vil vere til stor hjelp i ein slik samanheng. Kommunane kan ikkje berre støtte seg på konsulenttenester. Eit konkret tiltak kunne vore så enkelt som at alle kommunar fekk tilbod om eit årleg møte med NVE for å gå gjennom aktuelle prosjekt og få rådgjeving knytt til prioriteringar og status knytt til prosjekt staten/ NVE vert involvert i. Etter ei større flaumhending i kommunen hadde Luster kommune faste møtepunkt med NVE der konkrete tiltak og gjennomføring vart drøfta (NVE tok då nokre prosjekt). I samband med desse faste møtepunkta fekk kommunen mulegheit til å drøfte større og mindre utfordringar knytt til elv utover dei konkrete tilfella møta gjaldt. Dette vart opplevd som svært nyttig frå kommunen si side.

Postadresse	Telefon	Kontonr.	E-post
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	postmottak@luster.kommune.no
Postboks 77		Org.nr.	Heimeside
6866 Gaupne		964 968 241	http://www.luster.kommune.no

Luster kommune registrerer tilbakevendende problem og frustrasjon frå grunneigarar som vert råka av spesielt flaumhendingar knytt til tidsbruken/ kontakten mot naturskadefondet. Her må det gjerast noko slik at skadehendingar kan utbetrast kjappare og meir målretta. Den som vert råka har som regel store utfordringar knytt til drift og det å få driftsapparatet opp å gå att. Då må systemet riggast slik at dei skadelidande får naudsynt hjelp og behandling innanfor rimeleg tid.

I samband med ei flaumhending i Mørkridsdalen i 2018, der både underteiknande og ordføraren i kommunen var blant dei skadelidande, gjorde grunneigarane og kommunen seg svært positive erfaringar knytt til det at grunneigarane organiserte seg og gjennomførte oppattrydding/ oppattbygging og søknadsprosessar samla over store strekk. Dette var rasjonelt og ein sørga for at all naudsynt oppattbygging og tiltak vart gjort. Systemet i dag er lagt opp svært individuelt, noko som kan gje uheldige utslag. Som eksempel kan ein vise til at dersom ein grunneigar ordnar øydelagt elveførebygging hjå seg, men ikkje naboen ovanfor, så er ein like langt. Då går elva inn bakom. Det er difor avgjerande i mange tilfelle at tiltak vert sett over store strekningar som rører ved fleire, og det bør då lagast eit system som stimulerer til samarbeid både om førebyggjande tiltak og oppattbygging.

Med helsing

Knut Vidar Svanheld
plansjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Kopi til	
Andreas Wollnick	Ordførar
Wiese	
Jan Magne Svåi	Eigedom
Jarle Skartun	Rådmann
Ole Gunnar	Forvaltning og
Krakhellen	utvikling